



AGDER
fylkeskommune

Forebygge og redusere ungt utanforskap

Utgreiing om moglegheiter for konkret samhandling om tiltak i region Setesdal

Rapport frå arbeidsgruppe september 2025





Innholdsliste:

1	Samandrag	3
2	Innleiing	4
3	Formål	5
4	Definisjonar og avklaring av ord og uttrykk	5
5	Omfang og målgruppe	6
6	Prosess og medverking	7
7	Ungdomen si stemme	8
8	Nøkkeltal i region Setesdal	9
9	Sentrale aktørar og eksisterande samarbeid og tiltak	11
9.1	Aktørar og samarbeid om det 13-årige opplæringsløpet	11
9.2	Oppfølgingstenesta	12
9.3	Nav	13
9.4	Arbeids- og inkluderingsbedriftar	13
9.5	Arbeidsliv i regionen	14
9.6	SYR – Sirkulær Yrkesfremmende Ressursmodell	14
9.7	Brynjeprosjektet	14
9.8	Setesdal interkommunale politiske råd (IPR)	14
10	Forslag til tiltak som kan inn i eit framtidig samarbeid	15
10.1	Praktisk opplæring i ungdomsskulen	15
10.2	Vidareutvikle rådgjevarnettverk for grunnopplæringa	15
10.3	Samarbeid om opplæring for vaksne	16
10.4	Innføre ungdomsrettleiar	16
10.5	Etablere ein kvalifiserande møteplass	17
10.6	Strukturert samarbeid med arbeidslivet	18
10.7	Sikre tilrettelagt fagopplæring	18
11	Vidare oppfølging	19
	Vedlegg	20
	Vedlegg 1 – NEET tal	20
	Vedlegg 2 – Tal i samband med vidaregåande opplæring	22

1 Samandrag

Vi står framfor store samfunnsutfordringar dei komande åra. Delen eldre aukar langt raskare enn delen i arbeidsfør alder, noko som vil føre til mangel på arbeidskraft. Samstundes har Agder, og region Setesdal, utfordringar knytt til utanforskap blant unge. Det er ungdomane som skal leve i den framtida vi no legg til rette for. Vi har alle eit ansvar for å sikre at ungdom har tru på framtida, på moglegheiter for jobb og utdanning, og at dei kjenner seg verdsette og opplever at samfunnet har bruk for dei. Ressurssituasjonen i offentleg sektor er pressa, og samfunnsutfordringar må løysast i fellesskap. Det krev tett samarbeid mellom kommunar, fylkeskommune, NAV og arbeidslivet for å inkludere og kvalifisere ungdom.

Vi må møte utfordringane med nye arbeidsmåtar og betre utnytting av dei ressursane vi har. Tal frå 2024 viser at 118 ungdomar i alderen 15–29 år i regionen står utanfor skule, arbeid eller arbeidsmarknadstiltak. Kommunane har små ungdomskull og melder om god oversikt over sårbare ungdomar som står i fare for å avbryte opplæringsløpet. Dette gir eit godt grunnlag for å setje inn tidlege og målretta tiltak – tiltak vi veit har effekt.

Denne rapporten er utarbeida av ei arbeidsgruppe på oppdrag frå kommunestyra i dei fem kommunane i Setesdal. Arbeidsgruppa foreslår følgjande tiltak:

- **Praktisk opplæring i ungdomsskulen**
Utprøving av ein modell med meir praktisk opplæring.
- **Vidareutvikling av rådgjevarnettverket i grunnopplæringa**
Styrka karrierelæring for elevane og betre overgangar å i opplæringsløpet.
- **Samarbeid om opplæring for vaksne**
Eit heilskapleg og samanhengande opplæringstilbod som gir vaksne raskare veg til arbeid eller vidare utdanning.
- **Innføring av ungdomsrettleiar**
Tett og langvarig oppfølging av ungdom som står i fare for å falle ut av opplæringsløpet.
- **Etablering av kvalifiserande møteplass**
Ein møteplass for ungdom som verken er i skule eller arbeid, med fokus på kvalifisering og meistring.
- **Strukturert samarbeid med arbeidslivet**
Utvikling av samarbeidsplattform og nettverk for kvalifisering og inkludering av ungdom i arbeidslivet.
- **Tilrettelagt fagopplæring**
Avklaring av avtalar som sikrar eit likeverdig og tilpassa opplæringstilbod.

Rapporten blir sendt til kommunedirektøren i kvar kommune for vidare oppfølging. Rapporten blir følgd opp i kvar kommune ut frå vedtak i kommunestyret. Rapporten blir òg lagt fram for kommunedirektørutvalet i Setesdal og sendt til Agder fylkeskommune for oppfølging.

2 Innleiing

Den demografiske utviklinga i Setesdal peikar i same retning som i resten av Agder og landet elles. Vi kan forvente auka i etterspurnad etter arbeidskraft. Samstundes veit vi at Agder, og regionen Setesdal, har utfordringar knytt til utanforskap blant unge, og at ressursituasjonen i det offentlege er under press. Dette indikerer at fylkeskommune, kommunar, Nav og arbeidslivet må finne gode måtar å samarbeide på for å inkludera og kvalifisere ungdomar. Vi må ta utfordringa, jobbe annleis og bruke tilgjengelege ressursar betre i framtida

Med bakgrunn i fylkestingsvedtaket frå desember 2023 i saka «Betre levekår – satsing på unge i Agder», tok Fylkeskommunen initiativ til å fremje en sak for Setesdal IPR om å samarbeide for å forebygge og redusere utanforskap blant unge i region Setesdal. Saka blei vidare handsama i kommunedirektørutvalet i regionen og administrativt og politisk i kvar kommune. Alle kommunane gjekk inn for å utgreie moglege konkrete tiltak for samhandling på tvers. Fylkestingsvedtaket frå desember 2023 blir lagt til grunn. Dette vedtaket peikar ut tre innsatsområde som samhandlinga kan byggjast opp rundt. I saksframstillinga blei det òg lagt vekt på kor viktig det er å byggje varige strukturar og avtalar for samhandlinga. Framtidig samhandling bør i størst mogleg grad byggjast inn i ordinære tenester for å sikre kontinuitet og stabilitet.

Samarbeid om førebygging av varig utanforskap blant unge er forankra nasjonalt gjennom blant annet

- [Samfunnsoppdrag om inkludering av barn og unge](#)
- [Ungdomsløftet](#)
- [Ungdomsgarantien](#)
- [Fullføringsreformen](#)

Og regionalt gjennom

- [Regionplan Agder 2030](#)
- [Samarbeids- og utviklingsavtaler mellom Agder fk og kommunane i Agder](#)
- [Samarbeidsavtale på utdanningsområdet mellom Agder fk og NAV Agder](#)

Setesdalregionen har tradisjonar for samarbeid, men lange avstandar i et stort geografisk område med ulike utfordringsbilete frå kommune til kommune kan òg skape barrierar.



3 Formål

Det er ungdommen som skal leve i den framtida vi no legg til rette for. Ungdom treng ei positiv framtidstru når det gjeld jobb og utdanning. Bedrifter og verksemder treng kvalifisert og motivert arbeidskraft. Alle gode krefter i Region Setesdal må samlast om å hjelpe dei unge med å ta gode val om utdanning og arbeid.

Gjennom betre samhandling skal vi sikre regionen tilgang på kompetanse og arbeidskraft, leggje grunnlag for samarbeid på tvers av «silolar», og sørge for at ungdom får naudsynt oppfølging slik at dei fullfører vidaregåande opplæring og kjem i varig arbeid.

Målet er at effektfulle tiltak retta mot unge vil redusere utanforskapet og betre levekåra i regionen på lang sikt.

4 Definisjonar og avklaring av ord og uttrykk

I rapporten er det nytta nokre ord, uttrykk og forkortingar som er forklara nærare her

- **Utanforskap**

Er eit uttrykk som i daglegtale brukas om manglande sosial tilknytning til samfunnet rundt. Uttrykket beskriver en situasjon der enkeltmenneske eller grupper av menneskjer står utanfor samfunnet elles. Oppleving av utanforskap er motsatsen til opplevd fellesskap.

(Kilde: Store norske leksikon)

I denne utgreiinga er utanforskap nytta om ungdom som har avbrott opplæringsløpet eller som ikkje deltar i arbeidsliv.

- **NEET**

Er en forkorting for det engelske uttrykket «Not in Employment, Education or Training», og er ein nemning på ungdom som er utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak .

- **Kvalifiserande møteplass**

Dette er ein felles nemning vi i Agder har brukt om samarbeidstiltak mellom NAV, kommune og fylkeskommune for ungdom utanfor skule og arbeid. Tiltaket er ein møteplass som fungerer som ein alternativ opplæringsarena, der målet er å kvalifisere ungdommen til vidare skulegang eller arbeid.

5 Omfang og målgruppe

Geografisk omfang: Åseral, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle.

Målgruppe: Unge frå og med ungdomsskule til og med 29 år.


Arbeidsgruppa har vurdert at dette samsvarer best i forhold til nasjonale og regionale satsingar og ansvaret dei sentrale aktørane har.

- Kommunane følgjer opp ungdom i ungdomskulen og har saman med fylkeskommunen eit ansvar for overgangen mellom grunnskule og vidaregåande opplæring. I tillegg er det no innført ein rett til å fullføre vidaregåande opplæring som gjeld for alle.
- Fylkeskommunen si oppfølgingsteneste skal ha oversikt over og følgje opp unge mellom 16 og 24 år som står utanfor skule og arbeid.
- *Ungdomsløftet* og den nasjonale *Ungdomsgarantien* i NAV gjeld for alle unge mellom 16 og 30 år som treng hjelp til å fullføre utdanning og kome i arbeid.

Omfang og avgrensingar av tiltak

I arbeidet med utgreiinga er det sett til eksisterande tiltak som regionen har for målgruppa 15 til 29 år, for vidareutvikling av desse, samt behov for nye tiltak.

Utgreiinga tek ikkje for seg tiltak knytt til tidleg innsats og førebyggjande arbeid for barn og unge 0-15 år, Dette er vurdert å vere utanfor mandatet til arbeidsgruppa. Det er likevel viktig å påpeike at tidleg innsats i kommunane vil vere av stor betydning for førebygging av utanforskap i vaksenlivet, jf. figur under. Kommunane har eigne planar og tiltak for tidleg innsats og førebygging.



Figur 1. Utenforskap som konsekvens av marginalisering i ungdomsårene. (Kilde: Oslo Economics)

6 Prosess og medverking

Kommunane og andre sentrale aktørar har vært involvert i arbeidet med utgreiinga. Det er gjennomført eit oppstartsmøte og 3 arbeidsmøte/«workshops».

Arbeidsgruppa har bestått av følgende representantar:

- Åseral kommune: Lene Øyulvstad, skule- og barnehagefagleg rådgjevar og SLT-koordinator
- Evje og Hornnes kommune: Line Håberg Løvdal, rådgjevar oppvekst og SLT-koordinator
- Bygland kommune: Simon Ellingsberg, kommunedirektør
- Valle kommune: Else Margit Tveit, skulefagleg ansvarleg og barnehagemynde
- Bykle kommune: Vidar Mortensen, prosjektleiar Brynje og Kjetil Vik, skule- og barnehageansvarleg rådgjevar
- Setesdal IPR: Rita Hansen, dagleg leiar
- Nav Midt-Agder: Cecilie Limm Pedersen, enhetsleder
- Nav Evje og Hornnes: Anne Tordis Skjeggedal, enhetsleder
- Setpro AS: Jon Gunnar Østerhus, dagleg leder, og Emma Kristine Leesland
- Aktiv Åseral: Tom Eiken, dagleg leiar
- Agder fylkeskommune, Setesdal vidaregåande skule: Jens Petter Røed, rektor, og Jon Terje Hegghaug, avdelingsleiar/OT- rådgjevar
- Agder fylkeskommune, fylkesadministrasjonen: Siren Wulff, rådgjevar, og Kari Veggeland, prosjektkoordinator/rådgjevar

I tillegg har representantar frå næringslivet i regionen bidratt med innspel, og det har vore samtalar med rektor på KVS Bygland, rektor på Evje Folkehøgskole og prosjektleder for SYR (Sirkulær Yrkesfremme Ressusmodell). Arbeidsgruppa har også fått informasjon om Venneslabrua (ungdomsveilederteneste), Grimstad Ungdomshub (kvalifiserande møteplass) og Larvik-modellen – «Våre unge i Larvik».

Kari Veggeland har vore prosessleiar.



7 Ungdomen si stemme

Kommunane sine ungdomsråd

Ungdomen si stemme er viktig i denne prosessen. Arbeidsgruppa ønskjer at rapporten vert behandla i kvart kommunale ungdomsråd i løpet av hausten, etter konstituering.

Arbeidsgruppa ønskte å få innspel frå ungdomsråda tidlegare i prosessen, men det passa ikkje med møteplanen deira.

Ungdata 2025 (ungdata.no)

I vår vart det gjennomført ei Ungdata-undersøking, og nokre av hovudfunna for Setesdalsregionen er desse (tal i parentes viser spennet i skår mellom kommunane):

- Dei fleste ungdomane i Setesdal (over 93 %) meiner livet er bra
- Den generelle trivselen på ungdomsskulane varierer mellom kommunane (72–88 %), men aukar på vidaregåande (89–94 %), der trivselen òg er høgare enn snittet for Agder
- Mistrivsel med faga på ungdomsskulen varierer mellom kommunane (9–24 %). Dette blir noko betre på vidaregåande (10 %)
- Elevane, både på ungdomsskulane og i vidaregåande, har som regel nokon å vere saman med – både på fritida (86–100%) og på skulen (93–100 %)
- Tru på gjennomføring av vidaregåande varierer på ungdomsskulane i kommunane (77–94 %), medan elevane i vidaregåande i Setesdal er sikrere på at dei kjem til å fullføre (95 %)


Høyringsinnspel til Stortingsmelding 33, frå ungdom i NAV i Agder

Ungdom i Lister, Kristiansand og Arendal (alder 16–30 år), registrert hos Nav, gav hausten 2024 innspel til ei høyringsfråsegn til Stortingsmelding 33 «Ei forsterka arbeidslinje – fleire i jobb og færre på trygd». Eit utval av tilbakemeldingane frå ungdomane er tekne med her:

- Lågterskeltilbod er viktig.
- Gruppeaktivitetar saman er viktig.
- Fleire er opptekne av å ha ein god stad å vere.
 - Eit møtestad der ein kan vere ein del av samfunnet utan dei krava som vert stilte i arbeidslivet.
 - Det kan vere ei blanding av noko sosialt og førebuing til jobb.
 - Ein stad der dei kan få informasjon om utdanning og bli kjende med ulike yrke.
- Fleire ønskjer seg meir praktisk og mindre undervisning.
- Skulane burde kome raskare inn med tilrettelegging, ikkje minst i forhold til angst og psykiske lidningar.
- Etterlyser ulike kurs som kan skape meistring.
- Mange viser til Jobbskulen i Lister og i Kristiansand, Grimstad Ungdomshub og Dampen i Arendal. Dei er godt nøgde med god tilgang til hjelp i trygge rammer.

8 Nøkkeltal i region Setesdal

Tal er henta inn frå SSB, NAV, Udir og interne fylkeskommunale data frå Vigo og Vigo OT. Tal som gir innsikt i ungdomane si deltaking eller fråvær frå utdanning og arbeid er viktige for å få eit mest mogleg riktig bilete av situasjonen. Under er en oppsummering basert på tal frå regionen. Meir detaljert informasjon om tala er vedlagt denne rapporten, se vedlegg 1 og vedlegg 2.



Figur 2. Andel NEET-ungdom i alderen 15-29 år i Agder, fordelt på kommunar (2024)

Figuren ovanfor viser andelen ungdom i alderen 15–29 år i Agder som står utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak. Tala i denne NEET-rapporten er frå 2024. Vi ser av figuren at både Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune er blant dei kommunane i Setesdal med høgast andel ungdom utanfor skule og arbeid. Ei feilkjelde i tala frå Evje og Hornnes kommune er at dei hadde akuttmottak i 2023 og 2024

NEET-tal og kommentarar:

- 118 unge under 30 år i Setesdalsregionen har ikkje har tilknytning til utdanning eller arbeidsliv, se tabell 1 i vedlegg 1. Dei fleste av desse kan utgjere ei arbeidskraftreserve som regionen har behov for. Det vil ha stor samfunnsøkonomisk betydning, og ikkje minst vere viktig for den enkelte si livskvalitet, å følgje opp desse ungdomane slik at dei kjem i varig arbeid.
- NEET-tala viser at det er fleire unge kvinner enn unge menn i regionen som er utanfor arbeid, skule eller arbeidsmarknadstiltak, sjå figur 1 og figur 2 i vedlegg 1.
- Eit anslag, nyleg gjort av NAV, viser at kostnaden for staten til ein ung ufør, pluss tapte skatteinntekter, utgjer om lag 19,5 millionar kroner.

Betydning av og tal for gjennomføring av vidaregåande opplæring

Arbeidsgruppa har gjort undersøkingar av samanhengar som kan ha betydning for gjennomføring av vidaregåande opplæring, da fullføring av vidaregåande opplæring har mykje å seie for sysselsetjing, og dermed graden av uførheit og mottak av sosialhjelp seinare i livet. Ein fersk rapport frå Trøndelag fylkeskommune viser at sysselsetjingsgraden 11 år etter gjennomført vidaregåande opplæring er 92 % for dei som har fullført, medan tilsvarende tal for dei som ikkje har fullført er 66 %.

Aktuelle tal i samband med gjennomføring av vidaregåande opplæring er samla i vedlegg 2.

Kommentarar til tal for region Setesdal:

- Det er generelt godt nivå på grunnskulepoeng i kommunane. Samla resultat for regionen er over fylkes- og landsnitt.
- Omtrent alle ungdomane i regionen går direkte frå 10. trinn til Vg1.
- Litt over halvparten av ungdomane i regionen går ved Setesdal vidaregåande skule. Resten er elevar i hovudsak på andre offentlege vidaregåande skular i Agder. Ein viktig til grunn til dette er at utdanningsprogrammane ikkje finnes ved Setesdal vgs. Dei fleste ungdommane frå Åseral kommune er elevar ved Byremo vgs så lenge ønsket utdanningsprogram finnes der. Få eller ingen ungdom frå region Setesdal vel KVS Bygland. Elevar frå Valle og Bykle har fritt skuleval.
- Elevar som ikkje består eit skuleår har i hovudsak under 3,5 i snitt frå grunnskulen. Skuleval ser ut til å ha liten betydning for fullføring av vidaregåande opplæring. I den grad det er prosentvise forskjellar, handlar det om svært få elevar.
- Det er generelt høg fullføringsgrad i vidaregåande opplæring for dei fleste kommunane i regionen. For Evje og Hornnes her fullføringstala noko lågare. Tala syner og at fleire unge i Evje og Hornnes fell ut av opplæringa.
- Tal frå oppfølgingstenesta viser at ungdom som fell ut av den vidaregåande opplæringa, gjer det gjennom heile opplæringsperioden på 3- 5 år. Per juni 2025 følges 21 ungdomar opp av oppfølgingstenesta i regionen. Over halvparten av desse kjem frå Evje og Hornnes kommune.

Befolkningsgrunnlaget i region Setesdal tilseier at det er små ungdomskull i dei enkelte kommunane. Kommunane melder også at dei har oversikt over sårbar ungdom som kan stå i fare for å falle ut av vidaregåande opplæring. Det betyr at det er mogleg å setje i verk individuell oppfølging og tiltak på eit tidleg stadium – tiltak som vi veit har effekt.

9 Sentrale aktører og eksisterende samarbeid og tiltak

Det er fleire aktørar som er viktige i arbeidet med å førebyggje og redusere utanforskap blant unge i regionen. Vi veit mellom anna at frivillig sektor med ulike lag og foreiningar er ein viktig faktor for oppvekst- og levekår for barn og unge. På grunn av omfanget av utgreiinga og den tida som har vore til rådvelde, er ikkje denne sektoren og fleire andre aktørar involverte i dette arbeidet. Dette kapitlet beskriver kort dei mest sentrale aktørane som er involverte i utgreiinga og tiltak det allereie samarbeidast om.

9.1 Aktørar og samarbeid om det 13-årige opplæringsløpet

Hovudaktørane i det 13-årige opplæringsløpet er kommunane, med sine grunnskular, og fylkeskommunen, med ansvaret for den vidaregåande opplæringa. Her er Setesdal vidaregåande skule sentral med sine avdelingar i Evje og Hornnes, Valle og Bykle. I tillegg er det ein privat vidaregåande skule i regionen, KVS Bygland.

Arbeidet med samarbeid og samanheng om det 13-årige opplæringsløpet er i region Setesdal forankra i Nettverk Setesdal Oppvekst – Oppvekstkollegiet i Setesdal. Nettverket er eit kollegium og fagsamarbeid som er forankra i kommunedirektørutvalet i Setesdal. Deltakarar i nettverket er barnehagemynde og skulefagleg ansvarleg frå kommunane Bykle, Bygland, Valle, Åseral og Evje og Hornnes. Det er Nettverk Setesdal Oppvekst som har ansvar for drift av samarbeidet, mens kvar kommune og skule bidreg med eigeninnsats innan eiga drift/ramme for deltaking i nettverka.

Samarbeid ungdomsskole og vidaregåande skole

Mål for samarbeidet i Setesdal om det 13-årige opplæringsløpet er:

- Fagsamarbeid for å betre overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande skole
- Samanheng i det 13-årige opplæringstilbodet
- Å få til gode overgangar for elevane

Følgande nettverk er oppretta:

- **Skuleleiarnettverk** ungdomsskole – vidaregåande i Setesdal med eit møte pr semester, saman med skulefagleg ansvarlege i kommunane.
- **Fagnettverk** i norsk, engelsk, matematikk for lærarar ved ungdomsskolar i Setesdal og Setesdal vidaregåande skole som underviser i eit av desse faga. Kvart fagnettverk vert leia av ein faglærar, og nettverket har møte ei gong pr semester. Det er utarbeid eige rammeverk for fagnettverk. Målet er at gjennom systematisk arbeid i lærande nettverk skapast ny kunnskap hjå den einskilde lærar. Lærarane som arbeider på dei ulike hovudstega skal bli betre kjende med innhald, prinsipp og undervisningsmetode som kjenneteiknar arbeidet på trinna. Samarbeidsområde er fokus på læringa og utviklinga til eleven. Sentralt i samarbeidet er tema undervisningsmetodar, ressursar til bruk i opplæring i fag, undervegsvurdering, elevmedverknad og kompetanssmål med vekt på samanheng, progresjon og vurdering.



- **Rådgjevernettverk** i Setesdal er leia av Setesdal vidaregåande skule. Nettverket består av rådgjevarar frå ungdomsskulane og Setesdal vidaregåande skule, og har 2-4 møter pr skoleår. Formål med nettverket er samarbeid om karriererettleiing, yrkesrådgiving og innsøking til vidaregåande opplæring.

Samarbeid om opplæring for vaksne

Kommunen og fylkeskommunen som skuleeigar har ansvar for å sikre innføringa av Fullføringsreforma og modulstrukturert opplæring for vaksne.

- Kommunen som skuleeigar skal sørge for at det finnes tilbod om førebuande opplæring for vaksne (FOV) som ikkje har tilstrekkelege forkunnskapar til å starte i vidaregåande opplæring.
- Fylkeskommunen som skuleeigar har ansvar for tilbod om vidaregåande opplæring for vaksne.

I Setesdal er det ikkje etablert eit samarbeid mellom kommune og fylkeskommune om opplæring for vaksne. Det er heller ikkje etablert eit strukturert samarbeid mellom vaksenopplæringa (FOV) og vidaregåande skule knytt til opplæring for vaksne (VOV), modulstrukturert opplæring eller kombinasjonsklasse (unge vaksne 16-20 år). Opplæring av vaksne er løyst ulikt frå kommune til kommune.

Kommunane Evje og Hornnes, Valle og Bykle har eigne tilbod om vaksenopplæring i norsk og samfunnskunnskap etter integreringslova, og førebuande opplæring for vaksne (FOV) etter opplæringslova for sine innbyggjarar. Vaksenopplæringa i Evje og Hornnes har samarbeidsavtale om tilbod til vaksne deltakarar frå Åseral kommune og Bygland kommune

9.2 Oppfølgingstenesta

Oppfølgingstenesta (OT) er en lovpålagt teneste som fylkeskommunen har ansvar for. OT skal sørge for at dei som ikkje er i opplæring eller arbeid, og som har rett til opplæring, får tilbod om vidaregåande opplæring eller andre kompetansefremjande tiltak eller arbeid. OTs målgruppe er ungdom opp til og med 24 år. Vidare skal OT sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar for målgruppa.

I Setesdalsregionen er det en 50 % stilling som OT-rådgivar. Denne stillinga er knytt til Setesdal vidaregåande skule. OT-rådgivaren jobbar i tett samhandling med NAV og arbeidsliv i regionen.

9.3 Nav

Nav-kontorene i Setesdal består av Nav Midt-Agder (som er eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Vennesla, Iveland, Åseral, Bygland, Valle og Bykle) og Nav Evje og Hornnes. Kommunestyret i Evje og Hornnes har vedtatt å utrede muligheten for å inngå i vertskommunesamarbeidet med NAV Midt -Agder. Målet er at saken behandles på nyåret i 2026

Samfunnsoppdraget til Nav er å bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og legge til rette for at fleire kommer i arbeid og aktivitet. Ungdom kan møte Nav når dei treng støtte til å komme i utdanning, arbeid eller annan aktivitet. Nav kan gje tilbud om rettleiing, tiltak og oppfølging for unge som står utan jobb eller skoleplass, og kan også gje økonomisk støtte ved behov. Målet er å hindre utanforskap og bidra til at ungdom får ein trygg start på vaksenlivet. Ungdomsløftet og ungdomsgarantien i Nav skal gje tilbud om tett oppfølging og fast kontaktperson i Nav så lenge det er nødvendig. Garantien gjeld unge frå fylte 16 år og fram til 30 år.

9.4 Arbeids- og inkluderingsbedrifter

Setpro arbeid og inkludering as

Setpro leverer arbeids- og inkluderingsstenester til NAV og eigarkommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle. Tenestene rettar seg både mot arbeidsgivarar og jobbsøklarar. Arbeidsførebuande trening (AFT) og Varig tilrettelagt arbeid (VTA) er to sentrale tenester som blir gjennomførte på bestilling frå NAV. I tillegg tilbyr Setpro tenesta «Aktiv» til deltakarar frå Evje og Hornnes kommune. Aktiv skal bidra til arbeidsretta aktivitet, varig yrkesdeltaking eller utdanning.

Setpro opplever god effekt av tenestene, med eit resultat på 50 % formidling til jobb/utdanning i 2024. Setpro er medeigar i OK kompetanse, som er eit opplæringskontor for lærekandidatar i Agder, og tilbyr opplæring som fører til kompetansebrev i fleire ulike yrkesfag.

Hovudkontoret til Setpro er på Evje, men er også lokalisert i Valle og Bykle. Setpro ønskjer å utvikle ulike typar kvalifiseringsløp i samarbeid med kommunar og vidaregåande opplæring.

Aktiv Åseral as

Aktiv Åseral er ei arbeids- og inkluderingsbedrift som er eigd av Åseral kommune. Bedrifta leverer tenesta VTA på oppdrag frå NAV, men har også samarbeid med kommune og skule. Bedrifta tek imot ungdom og vaksne i arbeidspraksis og språkpraksis samt alternativ skuledag.

Aktiv Åseral er medeigar i opplæringskontoret OK Vekst. Opplæringskontoret gir tilbud i fleire forskjellige yrkesfag til lærekandidatar med stort behov for oppfølging. Tilbodet gis i Agder og fullført løp fører til kompetansebrev. Aktiv Åseral er godkjent lærebedrift. Bedrift ønskjer å bidra med tiltak som har større fleksibilitet.

9.5 Arbeidsliv i regionen

Arbeidslivet i regionen som omfattar både offentlege verksemder og privat næringsliv, er viktige samarbeidspartnar for unges opplærings- og kvalifiseringsløp. Både grunnskolar og vidaregåande skular, NAV og Oppfølgingstenesta meldar om godt og tett samarbeid med arbeidslivet både i forhold til bedriftsbesøk, utplassering av elevar, arbeidspraksis og lærlingplassar. Det finnes ingen eiga næringsforeining for heile regionen, men enkelte mindre nettverk som Åseral næringsråd og Evje handelsstands forening. I tillegg finnes fagnettverket Setesdal næringsforum i regi av Setesdal IPR

9.6 SYR – Sirkulær Yrkesfremmende Ressursmodell

SYR er eit samarbeidsprosjekt mellom Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS, Setpro, NAV, kommunane i Setesdal og frivillige aktørar. Prosjektet utviklar ein regional modell for sirkulær, sosial og økonomisk verdiskaping gjennom etablering av ein hovudhub på Syrtveit og lokale gjenbruksarenaer i kommunane. SYR skal bidra til auka ombruk av materialar, utvikling av nye arbeidsplassar og arenaer for meistring, inkludering og kompetansebygging. Gjennom praktisk arbeid med gjenbruk og ombruk vert det skapt møteplassar der menneske med ulik bakgrunn kan delta, lære og utvikle arbeidsrelevante ferdigheiter.

9.7 Brynjeprosjektet

Brynjeprosjektet er et samarbeidsprosjekt mellom Bykle kommune, Setpro, NAV og Agder fylkeskommune. Prosjektet skal blant anna medverke til at det som står utanfor arbeidsmarknaden kjem inn, samt motverke framtidig rekruttering til utanforskap. I prosjektet testast det ut blant annet ulike tiltak spesielt retta mot barn og unge for å sjekke ut kva som har best effekt.

9.8 Setesdal interkommunale politiske råd (IPR)

Setesdal IPR er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle og Åseral med formål å utvikle Setesdalsregionen. Setesdal IPR skal være initiativtakar til og tilretteleggjar for regionalt og interkommunalt samarbeid med mål om ei berekraftig samfunnsutvikling.



10 Forslag til tiltak som kan inn i eit framtidig samarbeid

Arbeidsgruppa foreslår her tiltak som inneber samarbeid på tvers mellom to eller fleire kommunar, ulike forvaltingsnivå og aktørar. Under kvart tiltak er det foreslått målgruppe, mål, ansvar, økonomi og tiltaksform. Det er i mindre grad skrive noko om styring og organisering av tiltaka. Dette vil vere avhengig av omfanget og kompleksiteten i samarbeidet. For fleire tiltak som går på tvers av kommunegrensene vil kommunedirektørutvalet (KDU) spille ein sentral rolle.

10.1 Praktisk opplæring i ungdomsskolen

Utprøving av modell for praktisk opplæring i ungdomsskolen etter modell «Arbeidspakker Våre unge i Larvik» frå Larvik kommune (Larvik-modellen). Tiltaket er for elever i 9. og 10.trinn.

Modellen inneber at deler av opplæringa, som til dømes ein dag eller to ettermiddagar, skjer i bedrift eller på vidaregåande skole i praktiske yrkesfag. Målet er for å prøve ut, ikkje for spesialisering. Opplæringa som eleven har er kopla til kompetansemål i fag. Det gjer at det ikkje er krav om sakkunnig vurdering frå PPT eller fritak frå opplæringsplikta for å gjennomføre tiltaket. Eleven må søke seg til tilbødet.

Tiltak	Praktisk opplæring i ungdomsskolen
Målgruppe	Elever i 9. og 10.trinn
Mål	Redusere utenforskap, øke fullføringsgraden i skolen og bidra til at flere unge finner veien inn i arbeidslivet
Ansvar	Kommunedirektør
Økonomi	Søke tilskuddsmidler for gjennomføring av prosjekt
Tiltaksform	Utprøving av Larvikmodellen i prosjekt.

10.2 Vidareutvikle rådgjevarnettverk for grunnopplæringa

Hausten 2024 formaliserte Agder fylkeskommune sju regionale nettverk som inkluderer alle fylkeskommunale vidaregåande skular og alle ungdomsskular i Agder. Setesdal er eitt av desse nettverka, og vert drifta av Setesdal vidaregåande skule. Dei regionale nettverka skal vere eit profesjonsfelleskap for rådgivarar og ei arena for kompetanseutvikling innan karriererettleiing og inkludering, både på kommunalt og fylkeskommunalt nivå. Nettverket skal òg bidra til å sikre gode overgangar frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring, både på system- og individnivå.

Tiltak	Rådgjevarnettverk ungdomsskole og vidaregåande skole
Målgruppe	Rådgjevarar i grunnskole og vidaregåande skole
Mål	Økt karrierelæring for elevane. Sikre gode overgangar frå ungdomsskolen til vidaregåande opplæring, både på system og individnivå.
Ansvar	Fylkeskommunen
Økonomi	Innan eksisterande ramme
Tiltaksform	Nettverkssamarbeid

10.3 Samarbeid om opplæring for vaksne

Etablere strukturer for samarbeid mellom kommune og fylkeskommune som skuleeigarar om opplæring for vaksne. Det er også behov for eit strukturert samarbeid mellom vaksenopplæringa (FOV) og vidaregåande skule knytt til opplæring for vaksne (VOV), kombinasjonsløp (FOV og VOV), modulstrukturert opplæring for vaksne eller kombinasjonsklasse (unge vaksne 16-20 år).

Tiltak	Samarbeid om opplæring for vaksne
Målgruppe	Vaksne frå 19 år som treng å kvalifisere eller rekvalifisere seg til arbeidslivet . Gjeld også i enkelte tilfelle ungdom ned til 16 år som ynskjer å bruke vaksenretten sin for kvalifisering
Mål	Likeverdig tilbod til vaksne i heile Agder. Sikre heilskap og samanheng i opplæringstilbodet for vaksne slik at dei kjem seg raskt i arbeid eller vidare utdanning. Sikre at vaksne raskt kan oppnå den nødvendige kompetansen for å komme inn i arbeid eller vidare utdanning gjennom fleksible og tilpassa opplæringsløp. Ved å kvalifisere fleire til arbeidslivet, aukar sysselsettinga
Ansvar	Kommunen og fylkeskommunen som skuleeigar
Økonomi	Innan eksisterande ramme
Tiltaksform	Felles arbeidsgruppe med mandat frå skuleeigarar

10.4 Innføre ungdomsretteiar

Tal viser at dei fleste ungdomane i regionen gjennomfører vidaregåande opplæring, men enkelte ungdomar strevar og treng tett oppfølging over lengre tid for å klare å stå i det ordinære opplæringsløpet. Forsking viser at trygge vaksne som følgjer ungdomane tett over tid har positiv effekt. Dette blir òg stadfesta gjennom erfaringar med ungdomsretteiarar frå prosjekta «Venneslabrua» og «Lindesneslosen». Dei gode resultatata har ført til at denne tenesta er eit satsingsområde fleire stader i Agder.

Det blir lagt vekt på å byggje felles team og profesjonsfellesskap mellom ungdomsretteiarar i kommunane og fylkeskommunen.

Tiltak	Innføre ungdomsretteiar i ungdomstrinnet og på vgs
Målgruppe	Ungdom på ungdomskule og i vidaregåande som står i fare for å avbryte opplæringsløpet
Mål	Økt gjennomføring og kvalifisering for arbeidslivet
Ansvar	Fylkeskommune og kommune
Økonomi	Fylkeskommunen har allereie en opptrappingsplan for innføring av ungdomsretteiar på alle vidaregåande skuler. Planen skal behandlast i budsjettprosessen denne hausten. Kommunen er ansvarleg for å ansette ungdomsretteiar for ungdomsskolen. For kommunane er der mogleg å søke om tilskotsmidlar for ein utprøvningsperiode. Eks. Bufdir midler - tilskot til Ungdomslos.
Tiltaksform	Fylkeskommunen innfører ungdomsretteiar som ein ordinær teneste på dei vidaregåande skulane og tar ansvar for å etablere felles team og profesjonsfellesskap med kommunane. For kommunane kan en pilot i en oppstartsperiode vere nyttig for å bli kjent med tenesten og vurdere omfang og behov.

10.5 Etablere ein kvalifiserande møteplass

Arbeidsgruppa foreslår at det blir etablert ein kvalifiserande møteplass på Evje, som òg skal vere tilgjengeleg for ungdom i nabokommunane i regionen. Ein kvalifiserande møteplass er eit alternativt tilbod for ungdom som ikkje er i skule eller arbeid. Her kan ungdom få sosialt fellesskap og sosial trening, rettleiing og undervisning i fag dei manglar, og hjelp til å komme ut i arbeidspraksis. Målet er å kvalifisere ungdom til vidare skulegang, utdanning og deltaking i arbeidslivet.

Møteplassen bør byggje på tiltaket Aktiv, som Setpro og NAV Evje og Hornnes allereie samarbeider om. I tillegg bør Agder fylkeskommune, ved Setesdal vidaregåande skule og Oppfølgingstenesta, inngå i samarbeidet med særleg ansvar for opplærings- og kvalifiseringsdelen. Ein bør og trekkje veksler på kompetansen som finst andre stadar i regionen, som tildømes ved Evje Folkehøgskole gjennom linja « Robust» som jobbar for å byggje motivasjon og meistring hos ungdom. Erfaringar frå SYR prosjektet som no startar opp, vil også vere nyttige.

På sikt kan det òg vurderast å opprette eit tilsvarande tilbod, men i mindre omfang, i Bykle/Valle-området for å sikre eit likeverdig tilbod for målgruppa i heile regionen. Her kan det vere aktuelt å samarbeide om aktivitetar som allereie er etablerte, til dømes gjennom Brynjesprosjektet eller SYR-prosjektet. Setpro, NAV og Setesdal vidaregåande skule vil også her vere sentrale samarbeidspartnarar.

Tilsvarande møteplassar er etablerte andre stader i Agder, som Dampen i Arendal og Grimstad Ungdomshub.

Tiltak	Etablere ein kvalifiserande møteplass i regionen
Målgruppe	Ungdom mellom 15 – 29 år som har avbrote opplæringsløpet og som heller ikkje er i arbeid
Mål	Kvalifisere til vidare opplæring i skule eller arbeidsliv
Ansvar	NAV, kommune/kommunar, fylkeskommune og Setpro
Økonomi	Det bør utarbeidast ein samarbeidsavtale mellom partane som konkret viser ansvarsfordeling og prinsipp for kostnadsfordeling. Her kan ein hente inn erfaringar frå samarbeidsavtalar frå Dampen og Grimstad Ungdomshub. Dette er eit satsingsområde for fylkeskommunen. Fylkeskommunale midlar til ei mogleg etablering av ein kvalifiserande møteplass i regionen blir vurderte i haustens budsjettprosess.
Tiltaksform	I planlegginga og oppstartsfasen bør etableringa organiserast som eit prosjekt. Erfaringar frå tilsvarande prosessar kan hentast inn. Når møteplassen er etablert, skal tiltaket driftast og styrast i tråd med samarbeidsavtalen og eit hensiktsmessig styringsorgan samansett av partar i samarbeidet.

10.6 Strukturert samarbeid med arbeidslivet

Arbeidslivet i regionen ønsker å samarbeide med opplæringsinstitusjonar, NAV og andre aktørar for å kvalifisere flest mogleg ungdom til arbeidslivet. Det er eit felles samfunnsansvar å sikre tilstrekkeleg arbeidskraft og kompetanse for dei komande åra. Det er behov for å strukturere dette samarbeidet, slik at arbeidslivet kjenner til kva moglegheiter som finst for kvalifisering i bedrift og kva verkemiddel som er tilgjengelege. Det er òg behov for å koordinere førespurnader om samarbeid som arbeidslivet får.

Tiltak	Utvikle eit strukturert samarbeid med arbeidslivet
Målgruppe	Aktørar i arbeidslivet i kommunane, Agder fylkeskommune, kommunar, NAV
Mål	Utvikle eit samarbeid og nettverk for å kvalifisere flest mogleg ungdom til arbeidslivet. Starte med å utvikle enkle samarbeidsplattformer, eks digitale frukostmøte for informasjons- og erfaringsdeling. Deretter etablere et nettverk av garantipartnare etter modell frå «Fleire i arbeid» - programmet i Kristiansand.
Ansvar	Setesdal IPR næringsnettverk tar initiativet til oppstart
Økonomi	Innan eksisterande ramme for ein oppstart? Behov for ressursar til koordinering av nettverket på sikt.
Tiltaksform	Nettverkssamarbeid

10.7 Sikre tilrettelagt fagopplæring

Opplæringskontora OK Kompetanse og OK-Vekst gir tilbod til elevar med særskilde behov, og desse elevane er spesielt utsette for å hamne i utanforskap dersom dei ikkje får gode og tilpassa tilbod. Det er oppretta ein avtale mellom Agder fylkeskommune og OK Kompetanse om læreløpet, men denne bør reviderast for nødvendige avklaringar for å sikre eit læreløp for desse ungdomane. Samstundes må det vurderast om det òg skal opprettast ein tilsvarande avtale med OK-Vekst.

Tiltak	Sikre læreløp for ungdom med behov for tilrettelagt fagopplæring
Målgruppe	Elevar som treng særskild tilrettelegging innan yrkesfag
Mål	Kvalifisere til vidare opplæring i skule eller arbeidsliv gjennom kompetansebevis (eventuelt fagbrev) innan yrkesfag
Ansvar	Fylkeskommunen
Økonomi	Fylkeskommunen som ansvarleg for vidaregåande opplæring
Tiltaksform	Tilpassa læreløp gjennom til dømes OK Kompetanse eller Ok-Vekst Agder. Avklare avtaler som gjer at alle får eit likeverdig tilbod.



11 Vidare oppfølging

Utgreiinga sendes for oppfølging til

- Kommunedirektøren i kvar kommune i Setesdal.
Oppfølginga i den enkelte kommunen vil ta utgangspunkt i vedtaket som kommunestyret gjorde i saka «Utgreiing samarbeid om å førebyggje og redusere utanforskap blant unge i region Setesdal».
- Kommunedirektørutvalet i Setesdal
- Agder fylkeskommune v/ fylkesdirektør for utdanning

Utgreiinga sendes som orientering til

- Setesdal IPR
- NAV Agder

Vedlegg

Vedlegg 1 – NEET tal

Tabell 1.


Oversikt over tal (prosent) ungdom 15- 29 år som er i NEET kategorien, er uføre eller har nedsett arbeidsevne. Tala frå 2024

	NEET	Uføre	Nedsett arbeidsevne
Åseral	-	-	6 (4,4%)
Evje og Hornnes	75 (11,1%)	19 (3,6%)	35 (6,6 %)
Bygland	15 (8,9%)	6 (4,5%)	13 (9,6%)
Valle	12 (5,9%)	-	-
Bykle	13 (7,9%)	-	-
Region Setesdal	118	29 (2,7%)	63 (5,7 %)
Agder	6364 (10,3%)	1663 (3,4%)	3754 (7,7%)


(Kjelde: Agdertall.no)

- Merknad: Tal mindre eller lik 5 er ikkje tatt med i tabellen grunna personvern

Figurane under viser delen NEET frå 15–29 år for kvinner og menn.



Figur 1: Andel NEET 15-29, Kvinner



Figur 1: Andel NEET 15-29, Menn

Vedlegg 2 – Tal i samband med vidaregåande opplæring

Tabell 1

Viser graden av fullføring av vidaregåande opplæring (i prosent) for region Setesdal dei siste fem åra, samanlikna med Agder og heile landet.

Kommune/region	2014-20	2015 -21	2016 -22	2017-23	2018 -24*
Bygland	85	87	100	85	67
Bykle	80	*	100	92	100
Evje og Hornnes	79	67	84	73	76
Valle	92	78	79	93	100
Åseral	94	83	90	92	75
Setesdal	81,2	74,5	84,0	82,7	79,0
Agder	80,9	82,5	82,6	86,3	85,8
Hele landet	82,1	83,1	83,4	84,8	84,5

(Kjelde: SSB. Bestilte data frå SSB på kommunenivå)

Merknader til tabellen:

- Viser del fullført vidaregåande opplæring, inkludert elevar med individuelt tilrettelagt opplæring, for ungdom med bustadadresse i kommunen ved fylte 16 år. Tal frå private skular er rekna med.
- Merk at éin elev kan utgjere over 10 prosentpoeng i dei minste kommunane. For Evje og Hornnes kommune utgjer éin elev om lag 2 prosentpoeng.
- * Merk at SSB har stramma inn retningslinjene for personvern, noko som gir ei viss grad av uvisse rundt fullføringstala for kullet 2018–2024 på kommunalt nivå.

Tabell 2

Grunnskulepoeng for kommunane i regionen

	2017	2018	2019	2020	2023	2024	2025
Bygland	41,7	44,3	44,6	43,3	45,7	40,8	46,2
Bykle	43,2	40,8	45,7	44,5	*	48,9	49,1
Evje og Hornnes	42,0	40,5	42,4	45,1	43,3	42,3	41,6
Valle	38,9	43,1	43,2	45,6	43,8	41,4	43,6
Åseral	37,7	36,5	39,3	39,4	45,6	40,7	41,3
Setesdal	40,6	40,8	42,7	43,9	44,0*	42,5	43,2
Agder	41,2	41,4	41,6	42,3	41,5	41,6	42,0
Hele landet	41,4	41,8	42,0	43,2	42,4	42,2	42,2

(Kjelde: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/grunnskulepoeng>)

- Merknad: For elevar som manglar meir enn halvparten av faga, reknast i grunnskule poeng
- * Data frå Bykle er unnatekne offentlegheit, og dermed ikkje ein del av tala

Tabell 3

Overgang fra grunnskule til vidaregåande opplæring

	2020	2021	2022	2023	2024
Bygland	100	100	100	100	100
Bykle	*	100	100	100	100
Evje og Hornnes	*	100	100	*	*
Valle	*	100	*	100	*
Åseral	100	100	*	100	100
Agder	98,6	98,2	98,5	98,2	98,1
Hele landet	98,2	97,9	97,7	97,2	96,9

 (Kjelde: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/overganger-til-videregaende-opplaring>)

- Merknad: Tabellen viser om en elev gikk ut av grunnskulen eit år er elev i vidaregåande opplæring same haust.
- * Tal er unnatekne offentlegheit grunna personvern. Lågt tal, truleg 1-2

Tabell 4

Tabellen viser kor Vg 1 elevane frå regionen går på skule

Vidaregåande skular	Antal elevar 2023/2024	Antal elevar 2024/2025
Setesdal	42	45
Tangen	11	9
Byremo	4	14
Kvadraturen	5	3
Vennesla	3	6
KKG	1	4

(Kjelde: Interne data fylkeskommunen (vigo). Elevar som begynner i Vg1 direkte etter 10. trinn)

- Merknad: Åseral ungdom utgjer omlag alle elevane som går på Byremo vgs. Merk unntak for 2024/2025. Kun 6 av 14 Setesdalelevar frå Åseral.



Tabell 5

Ungdom i oppfølgingstenesta

Målingstidspunkt	Antal ungdom som følges opp av Oppfølgingstenesta i region Setesdal
Juni 2022	16
Juni 2023	15
Juni 2024	24
Juni 2025*	21

(Kjelde: Vigo OT)

- Merknad:

* Frå 01.08.24 vart målgruppa til OT utvida frå 22 til 24 år. Det er framleis usikkerheit knytt til desse tala, dei må kvalitetssikrast og er difor utelat her. Det vil seie at alle tala er rekna ut frå den gamle målgruppa, opp til og med 21 år.

Agder fylkeskommune

Postboks 788, Stoa
NO-4809 Arendal

Besøksadresse Kristiansand:
Tordenskjolds gate 25

Org.nr.: 921 707 134
Bank: 3207.28.74993

Besøksadresse Arendal:
Ragnvald Blakstads vei 1

www.agderfk.no